

Kor høg er Grano i dag?

30.12.2009



**Julegrana eller Grano, ein stoltheit i Uskedalen, skin vakkert no i ei vinterleg ramme. Men når folk, særleg tilreisande, spør kor høg ho er, blir vi svar skuldige. Det einaste vi veit for sikkert er at ho var 21 meter og 54 centimeter i 2002 og at ho har vakse sidan..**

- Men vi burde kanskje gjera ei ny måling, seier Bjørgulv Eik når uskedalen.no bringer temaet på bane att fordi ein notis i Kvinnheringen i dag opplyser at grana var 23 meter i 1984. Det sto i ein notis den gongen som er attgjeve 25 år etterpå, men som ikkje kan vera rett.

Bjørgulv opplysar at grana vart målt eksakt av teknisk etat i kommunen ved Johan Feet i jula i 2002 fordi dei spurde om høgda i ei tevling på ungdomslaget sin femtedagsfest..

Det var forresten Guri Eide som kom nærmest ved å tippa 21 meter og 50 centimeter og på det vann ho ein eske konfekt.

- Og kor mykje kan grana ha vakse sidan?

- Ho har nok framfor alt lagt på seg nede ved rota, men sjølvagt har ho også strukke seg litt også i toppen, seier Bjørgulv.

For 25 år sidan skreiv Kvinnheringen at dette er den høgaste og vakraste julegrana i Kvinnherad og det er framleis så sant som det er sagt.

Over er ho fotografert av Kjell Magne Haugland for få veker sidan. Ho var forresten 13 meter då ho i 1963 var julegran for første gong.